

Arkivseksjonen

Dokumentdato

Vår referanse

15.12.2022

2022/19236 GRKJ

Vår saksbehandlar  
Kjersti Gran

Dykkar dato

Dykkar referanse  
20/23625

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

## Automatisk tilbakemelding - Høyring og offentlig ettersyn - Detaljregulering E39 Liadal - Ørsta kommune, PlanID2017007

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) viser til plansaka som de har sendt på høyring. DSB har diverre ikkje kapasitet til å gå inn i alle mottekne plansaker og sender difor automatisk ut dette generelle svaret på slike saker.

Det er Statsforvaltaren som skal følgje opp at omsynet til samfunnstryggleiken er teken hand om i plansaker. Statsforvaltaren har også eit ansvar for samordning av statlege innseiingar til kommunale planar.

DSB har innseiingskompetanse etter plan- og bygningslova i plansaker som råkar følgjande område:

- Verksemdar som handterer farlege stoff medrekna storulukkeverksemdar
- Transport av farleg gods
- Branntryggleik medrekna tunellar og underjordiske anlegg
- Tilfluktsrom (sivilforsvarsdistrikta)

Sidan Statsforvaltaren har eit overordna ansvar for å følgje opp samfunnstryggleik i planar, vil også desse områda kunne inngå som ein del av Statsforvaltaren si oppfølging. DSB samarbeider med Statsforvaltaren og vil gje fagleg innspel til Statsforvaltaren om det er naudsynt.

**Om det likevel er behov for direkte involvering av DSB i plansaka, bed vi om at høyringa sendast inn til DSB på nytt med tydeleg oppgjeving av kva tilhøve det bedast om uttale frå DSB til.**

*Dersom plansaka gjeld areal knytt til etablert storulykkeverksemd eller areal der ein planlegg etablering av anlegg som sikkert eller kanskje vil bli storulykkeanlegg, ber vi også om at høyringa blir send DSB på nytt. Det må gå fram av oversendinga at saka gjeld plansak knytt til anlegg omfatta av storulykkeforskrifta.*

Vi viser elles til [www.dsb.no](http://www.dsb.no) for DSB sin rettleiar om samfunnstryggleik i arealplanlegginga til kommunen og rettleiar om tryggleiken rundt storulykkeverksemdar.

Med helsing  
for Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

Helle G Nielsen  
seksjonssjef

Kjersti Gran  
konsulent

Dokumentet er godkjend elektronisk og sendast derfor utan underskrift.

**Postadresse**  
Direktoratet for  
samfunnssikkerhet og beredskap

**Besøksadresse**  
Rambergveien 9, 3115 Tønsberg

**Telefon**  
33 41 25 00

**Telefaks**  
33 31 06 60

**Organisasjonsnummer**  
974 760 983

Postboks 2014  
3103 Tønsberg

**E-post**  
postmottak@dsb.no

**Internett**  
www.dsb.no



## Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Statens vegvesen  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Dato: 09.02.2023  
Vår ref: 22/06227-2  
Deres ref: 20/23625-55

### Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn for reguleringsplan for E39 Liadal i Ørsta kommune

#### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

WEB [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

#### SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 12. desember 2022.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekomstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som hindrar framtidig utnytting.

#### Om saka

Statens vegvesen har i samarbeid med Ørsta kommune, utarbeidd framlegg til detaljregulering for E39 Liadal. Planen skal legge til rette for å sikre Liadalsmuren, utvide E39 i bredden og etablere gang- og sykkelveg langs E39.

Det er vurdert at planen ikkje er omfatta av krav i forskrift til konsekvensutgreiing.

#### Fråsegn frå DMF

DMF fekk ikkje tilsendt oppstartsvarsel i 2018, og har dermed ikkje gjeve fråsegn tidlegare i prosessen. Vi ber om at vi i framtida blir varsla frå og med oppstart i tilsvarande planprosessar.

Planområdet rører så vidt ved ein lausmasseførekomst, registrert i Noregs geologiske undersøking (NGU) sin Grus- og pukkkdatabase<sup>1</sup>. Førekomsten er i stor grad utbygd til nærings- og bustadføremaal.

Punkt 7.8.3 *Drivverdige fjell- og lausmasseførekomstar*, i planomtala legg fram at

<sup>1</sup> Liadal lausmasseførekomst, Grus- og pukkkdatabasen (NGU):

[https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus\\_pukk/visGrusPukkDeponiOmr.php?objid=56143](https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusPukkDeponiOmr.php?objid=56143)



det har vært eit lite grustak på gbnr. 5/8. Masseuttaket ligg utanfor grusførekomsten i databasen til (NGU). I følgje forslagsstillar er uttaket av lita næringsmessig betydning, ettersom det ikkje lenger er aktiv drift. Det blir ikkje lagt til rette for direkte tilkomst frå E39 til det nedlagte grustaket. DMF ser av fly- og terrengbilda at uttaket er revegetert. Vi oppmodar om at planen òg omtalar at det er ein registrert grusførekomst i området, sjølv om den ikkje er av vesentleg betydning for plantiltaket.

Planen har og ei rekkefølgjeføresegn om at eventuelle overskotsmassar frå vegprosjektet skal lagrast i godkjent deponi. DMF oppmodar generelt om at overskotsmassar i størst mogleg grad blir nytta lokalt eller i andre prosjekt framfor permanent deponering.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonssjef

Karoline Walsøe Egholm  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Karoline Walsøe Egholm

Mottakarar:

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål

2605 LILLEHAMMER

Kopi til:



**NVE**  
Noregs vassdrags-  
og energidirektorat

Statens vegvesen  
Postboks 1010  
2605 LILLEHAMMER

**Vår dato:** 01.02.2023  
**Vår ref.:** 201800224-4 Oppgi ved kontakt  
**Dykkar ref.:** 20/23625-55

**Sakshandsamar:** Ole-Jakob Sande,  
22959545, ojs@nve.no

## **NVE sin uttale til offentlig ettersyn av framlegg til detaljregulering for E39 Liadal i Ørsta kommune**

Vi viser til brev datert 12.12.2022. Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til detaljregulering for E39 Liadal i Ørsta kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette eit effektivt og trygt transportsystem ved å etablere eit formelt grunnlag for utbetring av «Liadalsmuren», breiddeutviding av E39, samt legge til rette for eit samanhengande tilbod for gåande og syklande på strekninga.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE ga generelt innspel til planarbeidet i brev datert 06.02.2018.

### **NVE sin konkrete uttale**

#### *Skredfare i bratt terreng*

Heile planområdet ligg innanfor område som er kartlagt for skredfare i bratt terreng, jf. faresonekart i NVE Atlas. Fareområda er regulert med omsynssone skredfare H310 i framlegg til plankart, med tilhøyrande føresegn § 10 a) som m.a. set krav i samsvar med tryggleikskrava i byggtknisk forskrift (TEK17) § 7-3. For vegareal definerer føresegna at tryggleikskrava som er gitt i Statens vegvesen si handbok N200 gjeld.



NVE har ikkje avgjerande merknader, men vi gjer merksam på at det i føresegnene § 10 a) andre strekpunkt er ein skrivefeil. Årleg sannsyn må vere 1/5000 og ikkje 1/1000 slik det står. NVE rår til at skrivefeilen vert retta før slutthandsaming.

#### *Grunnforhold*

Planområdet ligg under marin grense og i område med potensiale for marine avsetningar, jf. aktsemdskart i NVE Atlas. I område med marine avsetningar kan ein ikkje utelukke førekomstar av kvikkleire.

Det er gjort omfattande grunnundersøkingar i samband med planarbeidet. Vi les plandokumenta slik at det ikkje er gjort funn av kvikkleire. Eventuell breiddeutviding på austsida av eksisterande veg er vurdert som utfordrande i høve til stabilitet i bratte lausmasseskråningar. På vestsida av vegen er det vurdert greie forhold for fundamentering. Planen legg til rette for breiddeutviding mot vest og trong for innløyising av fleire eigedomar som er nytta til bustad eller fritidsbustad. I framlegg til føresegner er det sett krav om å følgje råda i geotekniske rapportar.

NVE saknar at risiko- og sårbaranalysen (ROS) eller dei geotekniske rapportane har eintydig konklusjon på fare for områdeskred av kvikkleire i samsvar med prosedyren i NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#). NVE har elles ikkje merknader knytt til grunnforholda.

#### **Meir informasjon**

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

#### **Kommunen sitt ansvar**

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande  
Senioringeniør



*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

**Mottakarar:**

Statens vegvesen

**Kopimottakarar:**

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Møre og Romsdal fylkeskommune

ØRSTA KOMMUNE



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Statens vegvesen  
Postboks 1010, Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
20/23625-55	12.12.2022	157868/2022/REGULERINGSPLAN/1520	Synnøve Valle, 71 28 02 39	15.02.2023

## Ørsta kommune - detaljregulering - reguleringsplan E39 Liadal - fråsegn ved offentlig ettersyn

*Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentlig ettersyn.*

### INNLEIING

Saka gjeld offentlig ettersyn av detaljregulering for E 39 Liadal. Målet med reguleringa er å legge til rette for å sikre «Liadalsmuren», breiddeutvide E39, og etablere gang- og sykkelveg langs E39 austside. Det er også gjort endringar i avkøyrslar og tilrettelegging for busslommer på strekninga.

### MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

#### Samferdsel

Det blir i planen lagt til grunn vegklasse Hø1, der kor handbok N100 opnar opp for at kryssing mellom gang- og sykkelveg og veg kan vere i plan. Av omsyn til tryggleik for mjuke trafikantar er det svært viktig at det blir lagt til rette for ei trygg kryssing av E39 til busshaldeplassane i planområdet. Ved etablering av tosidige busshaldeplassar heilt sør i planområdet ser vi at det vil kunne bli kryssing av europavegen, også i samband med skoleskyss, sjølv om transporten kjem til å gå slik han gjer i dag.

Det blir også nemnt i planomtalen at brukarar av sørgående haldeplass må krysse europavegen, og at det vil til ein viss grad blir lagt til rette for eit «naturleg» kryssingspunkt over E39. Vi saknar ei meir konkret vurdering av dette kryssingspunktet og korleis

tryggleik for mjuke trafikantar blir tilstrekkeleg tatt vare på ved kryssing. Er det til dømes aktuelt å etablere dette som eit tilrettelagt kryssingspunkt med forsterka lyssetting? Sjølv om skoleskyssordninga held fram som i dag, hindrar ikkje dette at barn og unge kryssa europavegen for å nytte sørgåande haldeplass.

Det er nokre bustader sør for europavegen knytt til Nipevegen, som vil kunne nytte dei nye busshaldeplassane. Desse bustadane har ikkje tilgang på opparbeidde busshaldeplassar i dag, og vi er kjende med at det vil vere behov for skoleskyss for bustadane dei komande åra. Det bør bli lagt opp til godt gang samband frå Nipevegen og opp til busshaldeplassane, slik at barn og unge får trygge ganglenker til og frå skoleskyssen.

### **Automatisk freda kulturminne**

Sidan 2017, før oppstart av reguleringsplanen i 2018, har det vore tett dialog mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen kring konflikten mellom dei arkeologiske lokalitetane og utforminga av planen. I starten vart det lagt vekt på at ein først måtte vurdere og kartlegge kulturminna, som kom i direkte eller indirekte konflikt med planen. Gjennom fleire møte er det presisert at fylkeskommunen ønsker å ta i vare kulturmiljøet, og det er arbeid mykje med å finne løysingar som i minst mogleg grad går ut over kulturminna, og samstundes tek i vare trafikktryggleik langs traséen.

Fylkeskommunen har heile tida bede Statens vegvesen om å granske alle andre moglege alternativ, som ikkje kjem i direkte konflikt med kulturminna og kulturmiljøet. Særleg gjeld dette dei arkeologiske lokalitetane ID 139352 og 139354, der det gjort funn som er relativt sjeldne i disse fjordstrøka.

I vår fråsegn 08.01.2018 rådde vi sterkt til å utgreie andre alternativ med utviding av vegen mot aust, og ikkje mot vest. I tillegg vart det stilt krav om at det utvida arealet i reguleringsplanen skulle registrerast for nye, automatisk freda kulturminne. Registreringane vart utført hausten same året. Det vart då påvist automatisk freda kulturminne i eit utvida område sør for lokalitetane nemnt ovanfor. Det vart også gjort funn nord for lokalitet 145202, slik at denne lokaliteten vart utvida nordover. Funn situasjonen endra seg mykje etter registreringane, og området viser seg å vere nytta i fleire fasar i førhistorisk tid, heilt frå stein- og bronsealder til jernalder. Vi har også kulturminne frå nyare tids busetting, som saman med gamlevegen skaper eit samla, stort kulturmiljø. Det er vurdert om gamlevegen kan ha røtter tilbake til mellomalder, men dette kan ein ikkje seie sikkert. Det vil i tilfelle vere vegfare, og ikkje dagens konstruksjon.

I møte med Vegvesenet 19.11.2018 vart fylkeskommunen informert om dei byggetekniske utfordringane ei utviding mot aust ville møte på. Vegvesenet var usikre på om ei slik utviding i det heile tatt var realiserbar. I referatet frå møtet står følgjande:

*«Vegutviding mot aust: Mest ustabil parti rundt pel 400. Svært krevjande å få god stabilitet i høge skjeringar mot etablert bustadfelt. Det må gjerast tunge sikringstiltak i form av jordnagling i midtpartiet der murane er høgast i dag, og vidare med spunting på ei strekning forbi busslomma, m.a. grunna leirhaldig grunn. Tiltaket vil innebere om lag 10 meter høge murar aust for vegen. Tiltaket er svært kostnads-krevjande, anslått minimum 30 mill. berre til sikringstiltak. Anleggsarbeidet blir óg svært krevjande. Lite truleg at denne løysinga er realiserbar.»*

Vegvesenet viser også til, at uansett om ein utvidar vegen mot aust, vil det føre til at bustadane i vest må sanerast, og at sjølve vegbygginga vil bli ekstra utfordrande ved utviding mot aust.

Fylkeskommunen meinte i møtet likevel at alternative traséar og utvidingar av vegen i aust bør synleggjerast og at ei utviding mot vest i utgangspunktet ikkje er ønskeleg. Det



vart avgjort at Vegvesenet måtte gjere ei tematisk og systematisk framstilling med fordeler og ulemper av løysingsalternativa som vart lagt fram i møtet, evt. også andre moglege alternativ. Dette for å ha eit breiare avgjerdsgrunnlag. Vurderinga må drøfte trafikktryggleik, framkome for køyrande på E39, framkome for gåande og syklende, arkeologi, innløyising av hus, anleggsgjennomføring, grov kostnadskalkyle, måloppnåing mv.

Statens vegvesen gir no si faglege tilråding om alternativ, og vi oppfattar at det ut frå deira vurdering ikkje er mogleg å bygge ein forsvarleg veg utan å komme i konflikt med både automatisk freda og nyare tids kulturminne. Vi føreset at dette er gjort på eit vidt, fagleg grunnlag og tek konklusjonen til etterretning. Dersom det ikkje finst alternative måtar å utbetre denne strekninga av E39 på, som tek i vare trafikktryggleik, kulturmiljø og tryggleik for eksisterande busetting på, vil vi starte behandlinga av nødvendige dispensasjonssøknader i medhald av kulturminnelova. Planen vil då bli oversendt til Universitetsmuseet i Bergen for vidare kulturfagleg vurdering.

Merknadene nedanfor har dette som utgangspunkt, og skal sikre at plankartet som oversendast Universitetsmuseet, er formelt korrekte og tilstrekkelege til at ein kan behandle ein eventuell dispensasjon etter kulturminnelova, § 8.4. Det er to forhold som då må rettast opp, og som gjer at planen ikkje kan eigengodkjennast slik han ligg føre:

- Dei arkeologiske lokalitetane som tiltakshavar ønsker å få frigitt er ikkje tydeleg nok markerte i plankartet. Spesielt gjeld dette for ID 139354 og 139352. Desse må tydelegare avmerkast i plankartet, og gjerne ligge over kartlaget som viser arealføremål, ikkje berre den ytre RpBo-grensa som omkransar lokalitetane.
- Planområdet er noko innskrenka i forhold til opphavleg avgrensing, slik at delar av lokalitetane vert liggande att som mindre, urørte restar. Desse må innlemmast i plankartet og tilpassast i forhold til RpBo-avgrensinga.

Inntil desse endringane er gjort, kan vi ikkje starte dispensasjonsbehandling etter kulturminnelova. Sjølve dispensasjonsbehandlinga startar med at vi sender planen vidare til Universitetsmuseet i Bergen for fagleg uttale.

Vi ber om at det blir teke kontakt dersom noko er uklart.

### **Landbruk**

Jordvern inneber å sikre at den beste jorda framleis blir brukt til å dyrke mat og ikkje omdisponert til andre formål. I nasjonal jordvernstrategi har Stortinget fastsett eit mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må vere under 3000 dekar.

Fylkestinget vedtok ved handsaminga av fylkesstrategi for 2023-2026 at den årlege omdisponeringa av dyrka jord i fylket ikkje skal overstige 100 dekar.

Utbygging av tiltaket vil medføre omdisponering av dyrka mark til vegformål og redusere storleiken på dei dyrka areala på vestsida av europavegen. Vi føreset at minst mogleg dyrkajord vert omdisponert og at jordmassane frå det omdisponerte arealet vert teke vare på.

### **KONKLUSJON**

Før vi kan behandle ein dispensasjon etter kulturminnelova, § 8.4, ber vi om at dei arkeologiske lokalitetane vert tydelegare avmerka i plankartet. Planområdet er også noko innskrenka i forhold til opphavleg avgrensing, slik at delar av lokalitetane vert liggande att som mindre, urørte restar. Desse må innlemmast i plankartet og tilpassast i forhold til rpbo-avgrensinga. Planen kan ikkje eigengodkjennast før dette er gjort.

Med helsing

Johnny Loen  
Plansamordnar

Synnøve Valle  
Rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Lisa Enstad, tlf. 71 28 05 40

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Arve Eiken Nytun, tlf. 71 28 03 25

Kopi:  
Ørsta kommune  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
NVE  
Riksantikvaren



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

STATENS VEGVESEN MOLDE KONTORSTED  
Fylkeshuset  
6404 MOLDE

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2018/358 - 73472/2023	Arve Nytnun, 71 28 03 25	30.06.2023

## Ørsta kommune - detaljregulering - reguleringsplan E39 Liadal

### Konflikt med kulturminne-ID 139352, 139354, 145202 og 246513

Vi viser til motteke brev datert 12.12.2022 med vedlagt forslag til reguleringsplan for E39 Liadal i Ørsta kommune, Møre og Romsdal fylke. Vi viser og til vår fråsegn datert 15.02.2023, samt tilrådingbrev datert 16.05.2023 frå Universitetsmuseet i Bergen.

Innanfor planområde er det registrert 4 arkeologiske lokalitetar som er automatisk freda i medhald av lov 9.juni 1978 nr.50 om kulturminne (kulturminnelova) § 4 første ledd.

I vår fråsegn den 15.02.2023 bad vi om at dei arkeologiske lokalitetane vart gjort betre markert i plankartet, før vi sendte forslaget vidare til Universitetsmuseet i Bergen. Det vart også kommentert at enkelte lokalitetsgrenser ikkje låg innanfor opphavleg plangrense, og at dette var uheldig med tanke på at eventuelle bitar av lokalitetar kunne bli liggande att utanfor planområde. Etter telefonmøte og dialog med Universitetsmuseet i Bergen, vart vi einige om at det dei til tross for dette ville ta imot planen for fagleg uttale. Brevet med fagleg tilråding vart då sendt fylkeskommunen 16.05.2023.

### Lovheimel og styresmakt

I samsvar med kulturminnelova § 8 fjerde ledd skal styresmaktene, i samband med behandlinga av reguleringsplanen, ta stilling til om dei kan gi løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne som blir påverka av planen. Fylkeskommunen er rette styresmakt til å ta avgjerd i slike saker, jf. forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven § 3 andre ledd.

### Skildring av kulturminna

Møre og Romsdal fylkeskommune har ved fleire høve gjort arkeologiske registreringar i området, og fleire av kulturminna som vart påviste ligg i konflikt med føreslått plan.

Kulturminne ID 145202 (Feilaktig nemnt som 125202 i Universitetsmuseets tilråding) vart påvist av fylkeskommunen i 2010 i forbindelse med reguleringsplan for bustadfelt og vassleidningar i

samanheng til dette. Under denne registreringa vart det påvist kokegroper, stolpehol og fleirfasa dyrkingslag.

Kulturminne ID 139352 og 139354 (feilaktig nemnt som 129354 i Universitetsmuseets tilråding) vart påvist av fylkeskommunen i 2010 i forbindelse med utviding av E39. Det vart påvist fleire spor etter busetting og aktivitetsspor under lokalitetane, som til dømes stolpehol, steinøkser og andre artefakta knytt til siste del av steinalderen.

Kulturminne 246513 vart påvist av fylkeskommunen i hausten 2017 i forbindelse med reguleringsplanen for E39 Liadal. Denne lokaliteten strekk seg over eit større område, og mange av funna må sjåast i samanheng med lokalitetane 139352 og 139354. Det vart påvist kokegroper fossile dyrkingslag og stolpehol. Dateringane spennar frå yngre steinalder til førromersk jernalder. Noko som viser til busetting og jordbruk i fleire tidsperiodar. I forbindelse med dette vart også lokalitet 145202 utvida då det vart gjort fleire funn i området.

Samla viser dei arkeologiske lokalitetane på Liadal ei stor forhistorisk tidsdjupt innanfor eit relativt avgrensa område. Dei arkeologiske kulturminna er spesielle med tanke på plasseringa på den smale landskapsbredden nedanfor dei bratte fjella i aust. Spesielt spanande er dei tidlege jordbruksspora som er daterte til siste del av steinalder og bronsealder.

### **Planforslaget**

Planforslaget for reguleringsplanen for E39 vart oversendt fylkeskommunen for uttale 12.12.2022 med tilhøyrande plankart og føresegner. Plankartet var, og er framleis utydelege og vanskelege og lese, men i samråd med Universitetsmuseet i Bergen vart det bestemt at ein likevel kunne legge plankartet til vurdering, samt bruk av temakart i forbindelse med ei fagleg tilråding av planen. Planforslaget er i konflikt med 4 automatisk freda kulturminne, der spesielt kulturminne ID 246513 dekkjer store delar av område. Sidan 2018 har fylkeskommunen råda Statens vegvesen i å finne alternative utvidingar av veg mot aust, slik at det arkeologiske kulturlandskapet i minst mogleg grad vert påverka.

### **Skildring av konflikten mellom arealbruken i planen og kulturminne**

Konflikten mellom arealbruken og dei automatisk freda kulturminne er stor, både direkte og indirekte. Den direkte konflikten med tiltaket er tydeleg skildra i plankartet, der store delar av lokalitetane vil bli påverka av vegutbygginga. Anleggsaktiviteten krev stor plass på markane i vest og det er derfor berre dei vestlegaste delane av lokalitetane 139352, 139354 og 246513 som ikkje vil bli direkte råka. Likevel er det truleg at anleggsaktiviteten kan kome i konflikt også med utkantane av lokalitetane. Vi vil derfor meine at konflikten med dei arkeologiske lokalitetane nærmast er total. Dei eventuelle strukturane som ikkje vil bli råka vil også bli indirekte påverka, og tiltakets art vil forringe opplevingsverdien av kulturlandskapet. Også lokalitet 145202 vil i stor grad bli påverka av tiltaket, samt behovet for riggområde og andre funksjonar under gjennomføring av planen. Etter Statens vegvesen sitt seinaste forslag til reguleringsplan, vil konflikten vere for stor til at dei arkeologiske kulturminne vil kunne ivaretakast på ein god måte gjennom vern.

### **Universitetsmuseet i Bergen sine merknadar og vurdering av saka**

I brevet med fagleg tilråding frå Universitetsmuseet i Bergen, datert 16.05.2023 skriv museet fyljande om verdien av dei arkeologiske spora:

*«De påviste kulturspor ved Liadalen har stor vitenskapelig interesse. Spesiell påvisningen av dyrking og langhus bebyggelse fra tidlig jordbruk er interessant. Museet har gjennomført flere arkeologiske og botaniske undersøkelser av tidlig jordbruksbosetting, men det er mest fra landskapene langs indre deler av Sognefjorden. Dette er kulturlandskap og biotop av en annerledes sammensetning enn de vi finner i mer kystnære strøk av Sunnmøre. En arkeobotanisk undersøkelse av de registrerte kultursporene vil har stor betydning i en komparativ analyse mellom de forskjellige vestlandske landskaper. Det kan vel tenkes at det er forskjell i økonomisk jordbruksstrategi imellom fjor- og kystlandskaper.»*

Når det kjem til den samfunnsmessige verdien av tiltaket sett opp i mot kulturminna skriv Universitetsmuseet fyljande:

*«Universitetsmuseet i Bergen vurderer at veiutvidelsen av E39 ved Liadal har stor samfunnsmessig verdi. De påviste kulturminner er ikke synlige i terreng og har ringe formidling verdi. Lokalitetene har derimot arkeologisk vitenskapelig verdi.»*

*Universitetsmuseet i Bergen, Fornminneseksjonen, anbefaler att det for de omsøkte lokalitetene id nr. 246513, 139352, 139354 og 145202 kan gis dispensasjon fra Lov om kulturminner § 8.4 led, men at dette forutsetter forutgående arkeologiske frigivningsundersøkelser av lokaliteten»*

### **Møre og Romsdal fylkeskommune sine merknadar og vurdering av saka**

Sidan 2018 har fylkeskommunen råda Statens vegvesen i å finne alternative utvidingar av veg, spesielt mot aust, slik at det arkeologiske kulturlandskapet ikkje vert påverka. Dette har Statens vegvesen ikkje lukkast i å klare. I vår fråsegn frå 15.02.2023 uttalte fylkeskommunen fyljande:

*«Fylkeskommunen har heile tida bede Statens vegvesen om å granske alle andre moglege alternativ, som ikkje kjem i direkte konflikt med kulturminna og kulturmiljøet. Særleg gjeld dette dei arkeologiske lokalitetane ID 139352 OG 139354, der det er gjort funn som er relativt skjeldne i disse fjordstrøka»*

Vi skreiv vidare:

*«Statens vegvesen gir no si faglege tilråding om alternativ, og vi oppfattar at det ut frå deira vurdering ikkje er mogleg å bygge ein forsvarleg veg utan å komme i konflikt med både automatisk freda og nyare tids kulturminne. Vi føreset at dette er gjort på eit vidt, fagleg grunnlag og tek konklusjonen til etterretning. Dersom det ikkje finst alternative måtar å utbetre denne strekinga av E39 på, som tek i vare trafikktryggleik, kulturmiljø og tryggleik for eksisterande busetting på, vil vi starte behandlinga av nødvendige dispensasjonssøknader i medhald av kulturminnelova. Planen vil då bli oversendt til Universitetsmuseet i Bergen for vidare kulturfagleg vurdering.»*

Kulturminneforvaltninga skal verne om kulturminne som ikkje-fornybare ressursar og arbeide for at kulturminneverdiane blir tekne hand om på best mogleg måte og nyttiggjorde i eit samfunn i endring. Vi kan gi løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne etter ei vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane vegne opp mot private omsyn og omsyn til samfunnet.

I denne saka har fylkeskommunen kome til at trafikktryggleiken på staden ikkje vil bli godt nok teke i vare dersom det ikkje vert gjort utbetringar på staden. Ut ifrå Statens Vegvesen sine utreiingar, tolkar vi det slik at det ikkje er mogeleg å forbetre vegstrekket utan at det vil vere konflikt med kulturminneverdiane i vest.

Fylkeskommunen er ikkje samd med Universitetsmuseet i Bergen om at dei arkeologiske lokalitetane i planen har lav formidlingsverdi fordi dei ikkje er synlege over bakken. Den finst fleire måtar å formidle ikkje synlege kulturminne på, for eksempel gjennom skilting eller digital formidling på digitale plattformer. Dette er heller ikkje i seg sjølv eit grunnlag for at arkeologien ikkje skal kunne vernast. Likevel er vi einige med museet om at den samfunnsmessige verdien av tiltaket er stor, og at den arkeologiske kunnskapsverdien i dette tilfellet også er stor. Det er forholdet mellom trafikksikkerheita og kulturminna som til slutt dannar grunnlaget for fylkeskommunens vurdering.

Etter fylkeskommunen sin vurdering kan reguleringsplan for E39 Liadal godkjennast under føresetnad av at det først blir gjort ei arkeologisk utgraving av dei råka kulturminna, før tiltak etter planen blir gjennomførte, jf. vedlagde kart datert 09.11.2022 I samsvar med kulturminnelova § 10 skal tiltakshavaren bere kostnadene for arkeologiske granskingar.

Vedtaket om omfang av den arkeologiske granskinga, under dette endelege kostnader og avgrensing av undersøkjingsområdet, kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedteken. Vi gjer merksam på at ei arkeologisk utgraving normalt berre lèt seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavaren må ta omsyn til dette i planlegginga.

Tiltakshavar må varsle fylkeskommunen i god tid før han ønskjer å gjennomføre tiltak etter reguleringsplanen. Riksantikvaren vil deretter gjere vedtak om omfanget av den arkeologiske granskinga. Dette vedtaket vil kunne klagast på i medhald av forvaltningslova §§ 28 og 29.

Ifølgje forslaget til budsjett frå Universitetsmuseet i Bergen er ei utgraving av dei aktuelle kulturminna ID 139352, 139354, 145202 OG 246513 vurdert til å koste inntil kr 4 132 280 kr i 2023-kroner og satsar. Riksantikvaren vil sjå nærmare på forslaget til budsjett og arbeidsomfang før det blir gjort vedtak etter kulturminnelova § 10.

Kulturminna, med kulturminne-ID 139352, 139354, 145202 OG 246513, skal merkjast i plankartet som *bestemmelsesområde* og tildelast fortløpande nr. I fylje reguleringsplankartet og føresegnene ser vi dette som allereie gjort.

Denne teksten skal takast inn i fellesføresegnene i reguleringsplanen:

«Før det blir sett i verk tiltak i medhald av planen, skal det gjerast arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna ID 139352, 139354, 145202 OG 246513 som er markerte som

*område for føresegn nr. 10. i plankartet. Tiltakshavaren skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomføres, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsetjast.»*

### **Utgifter til arkeologisk gransking**

Tiltakshavaren skal bere kostnadene for granskinga, dersom det ikkje er grunnlag for heil eller delvis statleg dekning, jf. kulturminnelova § 10.

### **Vilkår for dispensasjon**

Dispensasjonen frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket føreset at den nemnde teksten ovanfor blir innarbeidd i reguleringsføresegnene.

Dersom kommunen gir melding om at den nemnde teksten **ikkje** vil bli innarbeidd i reguleringsføresegnene, og fylkeskommunen ikkje reiser motsegn mot planen, må fylkeskommunen straks varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt reise motsegn mot planen.

Dispensasjonen vil vere gyldig i 3 år etter datoen planen er vedteken.

Med helsing

Bjørn Ringstad  
fylkeskonservator

Heidi-Iren Wedlog Olsen  
Kulturdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Kopi:

UNIVERSITETET I BERGEN	Postboks 7800	5020	BERGEN
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO
ØRSTA KOMMUNE	Dalevegen 6	6153	ØRSTA

Vedlegg

- 1 Vedlegg 1 - Universitetsmuseets tilråding Liadal E39
- 2 Vedlegg 2 - Plankart Liadal E39
- 3 Vedlegg 3 - Liadal føresegn
- 4 Vedlegg 4 - Liadal teikningshefte tema





**From:** Søren Diinhoff[Soren.Diinhoff@uib.no]

**Sent:** 16.05.2023 13:47:27

**To:** Dokpost[post@mrfylke.no]

**Cc:** postmottak@ra.no[postmottak@ra.no]

**Subject:** Falig tilråkning

Hermed oversendes akter for § 8.4 vedtak for detaljregulering for E39 Liadalen, Ørstad kommune, Møre og Romsdal fylke.

Fylkets ref.: 2018/358-46745/2023

Museets ref.: 2019/7359

Askeladden id nr. 246513, 139352, 139354 og 145202

Med Venlæig Hilsen

Søren Diinhoff

Universitetsmuseet i Bergen



## Seksjon for kulturarv

### Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset PB 2500, 6404 Molde

Fylke ref.	Vår ref.	Dato
2018/358-46745/2023	2019/7359	17.05.2023

## DETALJREGULERING FOR E38 LIADAL I ØRSTA KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Vi viser til søknad om faglig uttale i forbindelse med behandling av dispensasjonssøknad fra kulturminnelovens 8.4 ledd for lokalitetene Askeladden id nr. 246513, 139352, 139354 og 145202 Liadal, Ørsta kommune, Møre og Romsdal fylke. Søknaden er sendt til Universitetsmuseet fra Møre og Romsdal fylke på vegne av tiltakshaver Ørsta kommune og Statens vegvesen i E-post datert 30.03.2023.

### Tidligere saksgang

Bakgrunn for saken er fremlagt detaljreguleringsplan for utbedring av E39 i Lidal, Ørsta kommune. Søknad om faglig uttale i forbindelse med § 8.4 vedtak ble sendt til Universitetsmuseet i Bergen av Møre og Romsdal fylkeskommune i post den 30.03.2023 på vegne av tiltakshaver Statens vegvesen og Ørsta kommune.

Universitetsmuseet i Bergen er bedt utarbeide faglig tilrådning med frist til 18. mai. Saken er allerede kjent for museet idet vi i 2019 ble bedt om å utarbeide budsjett kalkyle for eventuelle arkeologiske undersøkelser.

Tiltakshavers og fylkets dokumenter og saksbehandling så langt framstår for museet som noe uklar. Museet mangler konkrete opplysninger om aktivitet og vedtak i saken inntil nå og som fylket selv skriver i sin søknad så er kartgrunnlag ennå noe uklart i reguleringsplanen. Det er heller ikke opplyst om den arkeologiske registrering som fylket utførte i dagene 16.8 til 5.9 i 2010 - og som i registreringsrapporten fra da nevnes å være forårsaket av nettopp ønske om veiutbedring av E39 - har relasjon til denne reguleringsplan for E39.

Det har imidlertid ingen betydning for utarbeidelse av foreliggende plan- og budsjett, som lar seg beregne på nåværende grunnlag. Museet vil derfor henvise til Møre og Romsdal fylke for ytterligere dokumenter og saksgang.

### Beskrivelse av fornminnene

Innenfor det omsøkte areal ved Liadal har Møre og Romsdal fylke gjennomført arkeologiske registreringer i flere omganger. I 2010 ble det utført to separate registreringer som ligger innenfor det nåværende planområde og igjen i 2018 ble areal registrert (årstall for registreringen er ikke opplyst av fylket, men 2018 nevnes i Askeladden). I tillegg ble et det på et areal sørvest for gjeldende planområde

Telefon 55580000  
[postmottak@uib.no](mailto:postmottak@uib.no)  
Internett [www.uib.no](http://www.uib.no)  
Org no. 874 789 542

Universitetsmuseet i Bergen,  
Fornminneseksjonen  
Telefon 55582946  
[post@fsm.uib.no](mailto:post@fsm.uib.no)

Postadresse  
Universitetsmuseet i  
Bergen,  
Fornminneseksjonen  
Postboks 7800  
5020 Bergen

Besøksadresse  
J.Frielesgt. 1  
Bergen

Saksbehandler  
Søren Diinhoff  
91720009

utført arkeologiske registreringer i 2003. Etterfølgende år utførte Universitetsmuseet arkeologiske frigivningsundersøkelser der. Resultat fra 2004 undersøkelse har betydning for denne tilrådning.

**Registreringsundersøkelse 2010a på gnr. 5, bnr. 2.  
Askeladden id nr. 125202**

Lokaliteten er avsatt i Askeladden med et areal på 6476 m<sup>2</sup>.

I forbindelse med registrering for regulering av vannledninger til boligfelt i 2010 ble det utlagt tre sjakter på arealet. Den ene av disse (sjakt 3) var over matrikkel 5/2 som nå er en del av denne aktuelle reguleringsplan. I den 32 meter lange registreringssjakt ble det påvist syv strukturer i form av kokegrop og stolpehull samt spor etter flerfasert forhistorisk dyrking. Rapport fra arkeologisk registrering foreligger fra 31.3.2011 ved Camilla Jakobsen, Møre og Romsdal fylke.

Det foreligger ikke radiologiske dateringer fra registreringen.

**Registreringsundersøkelse 2010b på gnr. 6, bnr. 2, 3, 5 og gnr. 7, bnr. 1, 2, 23.  
Askeladden id nr. 139352 og 129354**

Lokaliteten id 139352 er avsatt i Askeladden med et areal på 1026,44 m<sup>2</sup> og id 139354 er avsatt med 656 m<sup>2</sup>.

I forbindelse med utvidelse av E39 utførte fylket i 2010 arkeologisk registrering langs veitrase sør for Håvoll. Dette areal inngår i den aktuelle detaljreguleringsplan uten museet ved om det er direkte relasjon eller ei.

Ved registreringene ble det lagt ut 89 prøvestikk og 3 søkesjakter. I en 135 meter lang sjakt 2 ble det påvist kulturspor i to områder og to kulturhistoriske lokaliteter ble avsatt i Askeladden. Det var lokalitet 1 i sør (id 139352) hvor en trekullholdig struktur (S9) ble registrert. I nord lå lokalitet 2 (id 139354) med tre strukturer (S3-5). Alle er tolket som mulige stolpehull til et hus. I S5 fantes en bergartsmeisel/miniaturrøks fra neolitikum. Rapport fra den arkeologiske registrering er datert 17.11.2011 ved Camilla Jakobsen, Møre og Romsdal fylke.

Det foreligger ikke radiologiske dateringer fra registreringen.

**Registreringsundersøkelse 2018 på gnr. 5, bnr. 8, 64 og gnr. 6, bnr. 1, 5, 64.  
Askeladden id nr. 145202 og 246513**

Lokaliteten 246513 er avsatt i Askeladden med et areal på 14591 m<sup>2</sup>.

I forbindelse med den aktuelle fremlagte detaljreguleringsplan for utbygging av Rv. 39 i Liadal ble det i 2018 foretatt arkeologisk registreringer. Fylket delte planområdet inn i fire områder som ble undersøkt ved syv søkesjakter mange og mange prøvestikk

I område 1 i nord ble de to sjaktene 1.1 og 1.2 lagt ut. Den første sjakten viste 8 positive strukturer i form av kokegroper og stolpehull. Kokegropen S5 ble datert til romersk jernalder (Beta-519072; 1810±30 BP, cal. AD 128-322). Det var og påvist flerfaset dyrkingslag. Bunnlag 3 ble datert til sen-neolitikum (Beta-519070; 3500±30 BP, cal. BC 1906-1743) og derover lag 2 til midten av førromersk jernalder (Beta-519071; 2190±30 BP, cal. BC 361-177). Litt øst derfor ble sjakt 1.2 lagt ut. Her ble det funnet en kokegrop og en nedgravning samt en flerfaset dyrkingsprofil.

I område 2 ble det gravd tre sjakter. Det var sjakt 2.1 og 2.2 i nord og sjakt 2.3 i syd. I sjaktene 2.1 og 2.2 ble det påvist rest av enfaset dyrkingslag. I den sørlige sjakt 2.3 ble det funnet to strukturer samt tofaset dyrkingslag. Sjakten ligger tett opp til den søkesjakt med stolpehull og neolittiske funn som etter 2010 registreringen resulterte i registreringen av lokalitet id 139354. Det er gitt den samme lokalitet som i 2018 ble påvist i sjakt 2.3.

Mot sør fulgte område 3 hvor den todelte sjakt 3.1 og 3.2 ble lagt ut. Begge sjaktene viste dyrkingslag. I sjakten ble det også påvist en røys.

Fra dyrkingslag 3 i bunn ble en radiologisk prøve bestemt til SN I (Beta-519067; 3640±30 BP, cal. BC 2133-1921). Toplaget 2 kunne dateres til sen bronsealder og tidlig jernalder (Beta-519068; 2440±30 BP, cal. BC 751-408). Dyrkingslaget som dekket røysen ble datert til midten av førromersk jernalder (Beta-519069; 2240±30 BP, cal. BC 390-205).

### **Vår vurdering av omsøkte kulturminners kilde- og dokumentasjonsverdi**

De tre registreringene i planområdet har resultert i fire forhistoriske lokaliteter. Reelt set så burde kun to lokaliteter ha vært registrert. Det ville være en lokalitet i nord som omfatter id nr. 145202 med spor etter tidlig jordbruk fra seneolitikum frem til eldre jernalder. Lokaliteten kan relateres til den sen-neolittiske bosetning som ble påvist av fylket i 2003 og undersøkt av museet i 2004 (id 145278) på naboareal Grøvik verk. Fra romersk jernalder er det avdekt flere kokegroper som formodentlig danner et kokegropgfelt.

Lengere mot sør danner de tre lokalitetene id 139352, 139354 og 246513 en sammenhengende lokalitet med mulige neolittisk bosetningsspor og tidlig jordbruk fra sen-neolitikum frem til eldre jernalder.

De påviste kulturspor ved Liadalen har stor vitenskapelig interesse. Spesiell påvisningen av dyrking og langhus bebyggelse fra tidlig jordbruk er interessant. Museet har gjennomført flere arkeologiske og botaniske undersøkelser av tidlig jordbruksbosetting, men det er mest fra landskapene langs indre deler av Sognefjorden. Dette er kulturlandskap og biotop av en annerledes sammensetning enn de vi finner i mer kystnære strøk av Sunnmøre. En arkeobotanisk undersøkelse av de registrerte kultursporene vil ha stor betydning i en komparativ analyse mellom de forskjellige vestlandske landskaper. Det kan vel tenkes at det er forskjell i økonomisk jordbruksstrategi imellom fjor- og kystlandskaper.

### **Vår tilråding**

Vi ser at reguleringsplanen sluttar rett før huset til Peder Haglund. Vi tenkjer at det er litt rart at ein ikkje vil knytte gangvegane heilt saman i dette området. Vi veit at Ørsta kommune har ein reguleringsplan for dette området der dei tenkjer at det skal gå ein veg oppom huset til Haglund til byggefeltet. Vi ber om at Ørsta kommune og vegvesenet samarbeidar i denne saka, slik at vi får ein heilskap i overgangen, og få sikra at dette trafikkfarlege krysset kring Håvollbakken vert meir oversiktleg. Vi er også bekymra for at ei auka fartsgrense i området rett før krysset skal kunne føre til ulykker i området, då vi veit at bilistar ikkje slakkar ned rett etter ei redusering av fartsgrensene. I dette krysset går det mange skuleborn dagleg, og det har vore fleire nestenulykker her.

Liadal grendalag er oppteken av at vegen gjennom bygda skal utbetrast og bli trafiksikker for alle partar. Det er viktig å sjå det heile biletet og at vi skal få til dette på ein så god måte som mogeleg for bygda vår.

For å oppsummere grendalaget sine synspunkt:

- Vi ynskjer ei utbetring av vegen med eigen gang og sykkelveg velkomen!
- Vi ynskjer ikkje 80-sone gjennom delar av bygda vår.
- Vi ynskjer at busslomma vert verande omtrent der ho ligg i dag, eventuelt ha to busslommer.
- Vi ynskjer gode overgangar der mjuke trafikantar trygt kan krysse vegen.
- Vi ynskjer ikkje ei rasering av tur-, kultur- og rekreasjonsområdet i Sandvika.



- Vi ynskjer at vegvesenet og Ørsta kommune samarbeidar for å gjere området/krysset i Håvollbakkane meir oversiktleg og trafiksikkert, både for køyrande, gåande og syklende.

Vi har oppmoda våre medlemmar om å kome med tilbakemeldingar til styret om kva dei meiner grendalaget bør påpeike i denne høyringsrunda. Her er tilbakemeldingane som er komne inn frå enkeltmedlemmar:

- Svært stort ynskje om å behalde ei fartsgrense på 60 km/t. gjennom heile planområdet
- Merka og skilta fotgjengarovergangar i planområdet.
- Gang og sykkelveg i skråninga ovanfor E39 frå Taftesund til Halsevegkrysset.
- Nødvendig utviding av E39 oppover/austover ca. 2 meter. Ny mur. Det vil spare alle husa på nedsida av vegen og gi mindre støy til begge sider.
- Ynskje om at E39 i framtida ikkje skal gå gjennom Liadalsbygda.
- Utviding av vegen bør avventast med til hovudtraseen er klarlagt. E 39 bør gå frå Flåvika med undersjøisk tunell under Raudøya og knytast i hop med Eiksundsambandet på den andre sida.

Mvh. Styret i Liadal grendalag

Anne-Mette Sætre

Øyvind Liadal

Janne Aklestad

Berit Håvoll

Reidun Hansen

Geir Likvern

Øystein Otterlei

**Fra:** "Hildegunn Håvoll" <haavoll2012@gmail.com>  
**Sendt:** onsdag 11. januar 2023 21:20:20  
**Til:** "Firmapost" <Firmapost@vegvesen.no>  
**Emne:** Sak 20/23625

Merknad-utviding av E39 Liadal

Brakkerigg-Massedeponi

Naust

Eg er svært skeptisk til brakkerigg/massedeponi på mi dyrkamark på aust sida av vegen. Dette på grunn av dårlege erfaringar frå sist gong det var vegarbeid her. Då vart ikkje matjorda teke vare på. I staden vart det i sørlegaste delen berre fylt på med sand/dårleg jord opp på matjorda med 40-50cm. Det tok fleire år før det vart normal grasmeng på marka. I tillegg vil eg ha moglegheit til å setje opp eit naust eller to i fjøra til etterkomarane.

Bed om at dykk sender svar per brev på fylgande adresse Håvollbakken 7  
6152 ørsta.

Svein Håvoll  
Gnr. 5 Bnr. 2  
95248986

**Statens vegvesen**  
firmapost@vegvesen.no

**Liadal 15.01.2023**

**Sak 20/23625**

**Merknader til reguleringsplanframlegget for E39 Liadal frå grunneigarar i Liadal**

**Vi startar våre merknader med å vise til dei etiske retningslinjene som SVV skal arbeide etter i planprosessen og ved grunnerverv. Vi kan ikkje sjå at dei er nemnt i kapittel 3 RAMMER OG PREMISS FOR PLANARBEIDET i planomtalen. Vi ser det derfor naudsynt å referere dei viktigaste punkta som SVV skal arbeide etter.**

**Etiske retningslinjer for grunnerverv. Gjelder all kontakt med grunneiere. Nr. R730 i Statens vegvesens håndbokserie**

I Vegvesenet deler vi gjerne et utbyggingsprosjekt opp i tre faser; planlegging, grunnerverv og anlegg. For utenforstående er det ikke like lett å skille mellom disse fasene. Og det er heller ingen grunn til at behandlingen av grunneierne skal være forskjellig ut fra hvilken fase et prosjekt er i. **Vi definerer derfor grunnervervet til å starte allerede når planleggingen av et prosjekt starter. Retningslinjene skal gjelde all kontakt med grunneierne.**

**Etiske retningslinjer ved grunnerverv**

**1. Grunnerverv skal skje på et faglig grunnlag.**

1. Grunnerverv skal utføres i henhold til gjeldende regelverk og på verdsettingsfaglig basis.

2. Rettferdighet og likhet skal tilstrebes. Vi skal gi erstatning for det økonomiske tap som grunneieren lider i henhold til regelverket. Vi skal tilstrebe at like tilfeller gis lik erstatning. Av hensyn til likhetsprinsippet skal vi søke å unngå at vegvesenet yter vederlag ut over det lovbestedte økonomiske tapet.

**2. Det skal vises respekt for enkeltmennesket.**

Herunder må det legges vekt på:

**1. Ærlighet.**

Informasjon fra Vegvesenet skal være korrekt.

**2. Åpenhet.**

Den enkelte skal gjøres kjent med sine rettigheter. Vi skal tilstrebe at alle fakta som har betydning for grunnervervet legges på bordet. Disposisjoner ut fra taktiske hensyn må ikke forekomme.

**3. Toleranse.**

Den enkeltes holdninger, meninger og verdier skal respekteres. Det er viktig at vi tar oss tid til å lytte og sette oss inn i situasjonen til den enkelte.

**4. God kommunikasjon.**

Vi skal gi tilstrekkelig informasjon og sørge for at denne blir forstått. Informasjon fra Vegvesenet skal være entydig. Personlig kontakt med den enkelte må tilstrebes, og det skal settes av tilstrekkelig tid og ressurser til dette. Det skal være enkelt å komme i kontakt med rette vedkommende i Vegvesenet.

### **3. Vi skal legge vekt på å være hjelpsomme og positive overfor berørte grunneiere.**

Vi skal være spesielt oppmerksomme på å veilede de svakeste parter, slik at de kan ivareta sine interesser. Vi må være imøtekommende overfor den enkelte. Vi må sette av tid og ressurser til å gjøre inngrepet forståelig for den enkelte.

#### **Til retningslinje 2:**

Det skal vises respekt for enkeltmennesket. Det er gjennom respekt og innlevelse i et annet menneske vi kan oppnå reell samarbeidskontakt. Det er gjennom denne kontakten vi kan løse våre oppgaver. Folkeskikk og høflighet er to sentrale nøkkelord.

**Til retningslinje 2, punkt 1:** Det må legges vekt på ærlighet. Informasjon fra Vegvesenet skal være korrekt. Vi skal alltid gi korrekte opplysninger. I dette ligger det at vi ikke skal utelate relevante opplysninger. Å si halve sannheter er ikke ærlighet.

**Til retningslinje 2, punkt 2:** Det må legges vekt på åpenhet. Den enkelte skal gjøres kjent med sine rettigheter. Vi skal tilstrebe at alle fakta som har betydning for grunnervet skal legges på bordet. Disposisjoner ut fra taktiske hensyn må ikke forekomme. Forvaltningslovens § 11 pålegger oss en betydelig veiledningsplikt. Gjennom veiledningen skal vi gi parter og andre interesserte adgang til å ivareta sitt tarv i bestemte saker på best mulig måte. Vi skal opplyse om de rettigheter grunneieren har. Vi skal gi råd når noen ber om det. Vi skal gi råd også i de tilfeller der vi ikke blir bedt om det, men der vi skjønner at grunneieren ikke har fått eller ikke har oppfattet/forstått den informasjonen han har fått.

#### **Retningslinjene angir at disposisjoner ut fra taktiske hensyn ikke må forekomme.**

. Det må være helt klart at vi ikke bevisst skal unnlate å opplyse om mangler ved hjemmelsgrunnlaget for ervervet, f.eks. mangler ved reguleringsplan. Vi har plikt til å gi grunneier alle relevante opplysninger i forhold til grunnervet.

**Til retningslinje 2, punkt 3:** Det må legges vekt på toleranse. Den enkeltes holdninger, meninger og verdier skal respekteres. Det er viktig at vi tar oss tid til å lytte og sette oss inn i situasjonen til den enkelte. Vi må respektere at enkelte har andre holdninger og verdier enn oss selv. Det betyr ikke at vi trenger å være enige i alt, men at vi tar oss tid til å lytte og sette oss inn i den enkeltes situasjon. Dersom vi tar oss tid til å lytte, vil det være enklere å få folk til å lytte til oss. Å lytte vil ofte skape tillit og dermed et bedre forhandlingsklima.

**Til retningslinje 2, punkt 4:** Det må legges vekt på god kommunikasjon. Vi skal gi tilstrekkelig informasjon og sørge for at denne blir forstått. Informasjon fra Vegvesenet skal være entydig. Personlig kontakt med den enkelte må tilstrebes, og det skal settes av tilstrekkelig tid og ressurser til dette. Det skal være enkelt å komme i kontakt med rette vedkommende i Vegvesenet. Ærlighet, åpenhet og toleranse er forutsetninger for god kommunikasjon. Informasjon er et fagområde vi må ta på alvor.

**I våre merknader har vi tatt med deler av etiske retningslinjer for grunnerv for SVV som og gjeld fra starten av planleggingsfasen. Etter vår mening sviktar SVV på flere punkt i disse retningslinjene både i reguleringsplanen, i planprosessen og i deira kontakt med grunneigarane. Dette har medverka til frustrasjon og sinne og ein følelse av maktovergrep frå SVV si side. Dette i skarp motsetnad til perioden då vi var med i reguleringsplanen E39 Lianeset-Liadal frå 2010-2014. Då vart vi godt ivaretatt av SVV og vi fekk mellom anna innsyn i det meste av saksdokumenta.**

#### **Innspel og merknader:**

Vi har sidan oppstart av E39 Liadal i 2018, og til no, i brev, innspel, merknader og på møter lagt fram vår løysing som vil redde husa på nedsida/vestsida av E39 og gi ein god

og trygg g/s-veg på oppsida av vegen. SVV oppmoda grunneigarane på oppstartsmøtet i 2018 om å stille spørsmål i planperioden uavhengig av svarfristar. Så ville SVV svare på spørsmåla. **SVV skulle såleis vere godt kjent med vårt forslag til løysing.**

Vi har til no ikkje fått konkrete svar på våre spørsmål, innspel og forslag og har difor ikkje visst om dei i det heile tatt var vurderte.

SVV vel likevel, negativt og med faktafeil, å omskrive våre forslag i planomtalen. SVV lister opp berre negative argument for våre alternativ. (5.2.2 og 5.2.3)

**Fleire av dei viktigaste og mest kritiske innspel og merknader frå oss i planperioden vert ikkje tatt med i planomtalen i 10.2 eller i Innspel samla, noko som er sterkt kritikkverdig.**

### **Geotekniske rapportar:**

**Geotekniske rapportar 40109-GEOT-R1 og 40109-GEOT-R2 frå 2018 brukar ein plan på ca. 980m frå Halsekrysset til Håvoll både for å angi borehol og kome med vurderingar utifrå profiltal. I reguleringsplanen med plankart og i R3 nyttar SVV ei strekning frå 120 m sør for Halsekrysset til Håvoll, ca 1100m. Det vert såleis ikkje samsvar mellom profilane i R1 og R2 og plankartet når dei vert omtala i planen. Ca 120m vert viktige profiler flytta i reguleringsplanen utan å gi dei nye profiltal. SVV fører ukritisk over vurderingar med angjevne profiler frå R1 og R2 til planomtalen utan å korrigere med 120m.**

**Såleis vert m.a. området ovanfor Liadalsvegen 707, der murane er på det høgste, tildelt ein geologisk illustrasjon og vurdering som tilhøyrrer profil 670 som ligg 120m lenger nord!**

**Dette vert brukt ukritisk også i møtet med formannskapet 29.11.2022 og i ope møte 10.01.2023. Geoteknisk illustrasjon med profil 550 i R1 blir brukt til å advare mot vanskelege grunnforhold ved profil 550 i plankartet, noko som ikkje stemmer overeins.**

**At R3 manglar i utsendinga frå SVV på deira heimesider gjer forvirringa komplett.**

**Desse grunnleggande feila smittar såleis over i mange av vurderingane i planomtalen, også vurdering av alternative g/s-vegar og utviding av E39 austover.**

**Dette må vere god nok grunn til at reguleringsplanen må omarbeidast, korrigerast og sendast ut på nytt.**

SVV brukar bevisst geoteknisk rapport R1 og R2, som omhandlar forhold der ein går 8 meter inn i skråninga for å utvide vegen austover, som eit **alibi for at alle planar med utviding austover ikkje lar seg gjennomføre.** At grunnlaget er på 8 meter innover vert sjølvstakt ikkje nemnt, og ei slik løysing går heller ikkje vi inn for. Denne løysinga er heller ikkje ferdig utreda og vil mellom anna kreve ytterligere grunnundersøking og godkjenning frå vegdirektoratet. Likevel skriv ein i geoteknisk rapport R2 at grunnforholda ikkje er til hinder for at dette kan gjennomførast på strekninga, men med ekstra sikring og ekstra kostnader.

**Eit viktig innspel frå Ragnhild og Kjetil Innvik i brev datert 08.01.2019 angående**

**geoteknisk rapport er ikkje tatt med i Innspel samla i planleggingsfasen og er heller ikkje besvart.**

**SVV kan vel ikkje utelate merknadar og innspel som går mot deira syn i saka?**

**Våre forslag til utviding av E39 og g/s-veg:**

**Vårt forslag** med utviding austover 1,5-2 meter, ny mur og g/s-veg i skråninga ovanfor, vert ikkje vurdert verken planmessig, geoteknisk eller ang. kostnader. Dette vert og mykje mindre inngripande. **Dette vart ei "Ikkjesak" som det skulle teiast om.** SVV hadde truleg allereie i 2019 bestemt seg for planen dei ville gå inn for. At vår løysing austover likevel gjer det naudsynt å rive husa i Sandvika er vi sjølvsgd heilt uenig i. At SVV må skjerme bygningane som ligg nær vegen med støyvern meiner vi at vi har krav på.

Husa til Taftesund nord i planområdet ligg inntil veg som i dag er brei nok til å få gul midtstripe. Her er det natursteinsmur på austsida som berre treng litt tilpassing og forsterkning for å kunne lokalisere g/s-veg ovanfor. Vi har aldri bedt om å få ein midlertidig autostrada på 1km gjennom grenda. Her må Vegdirektoratet kunne tilpasse og godkjenne løysingar som ikkje alltid følgjer boka!

**Vegdirektør Ingrid Dahl Hovland vil mjuke opp vegnormalane og byggje veg med så lite naturinngrep og fotavtrykk som mogeleg. Vi synes ikkje at SVV er på linje med det i denne saka!**

Dei fleste som vil bruke **ny g/s-veg** på strekninga vil vere dei som bur i bygda og grenda. Bygdevegar og gardsvegar er i dag mykje brukt som turvegar, mest for gåande.

På møtet med Formannskapet i Ørsta 29.11.2022 sa planleggingsleiar i SVV mellom anna at ein kunne alltid legge g/s-veg over Sandvikbakkane. Ho hevda at den då ikkje ville bli brukt dersom dei ikkje legg den der folk vil ferdast. Vi meiner at brukarane vil ferdast ovanfor E39. Ved å leggje g/s-vegen nærare eksisterande busetnad og planlagt byggjefelt, med god og enklare tilkomst, vil bruken bli større enn om g/s-vegen ligg i same nivå som E39. Begge våre alternativ til g/s-veg har denne fordel.

Å flytte g/s-vegen opp frå nivået for hovudvegen har og andre fordelar. Ein unngår sprut og lufttrykk frå bilar i 80km/t. Støyen vert mindre. Betre trafikksikkerheit for gåande og syklende. Ei storslått panoramautsikt utan å måtte sjå inn i sida på ein trailer. **Slike positive argument tar SVV ikkje med.**

**Kva kunne ikkje god kommunikasjon ha utretta her, men det meste av planlegginga vart skjult bak interne møter som ikkje ga innsynsrett.**

**Avdelingsdirektør og vegdirektør:**

Når vi gjer vegdirektøren oppmerksom på planane får vi svaret frå leiinga i SVV, Region Midt, i Molde. Vegdirektøren sitt kontor beklagar at dei ikkje svarte. Vi får ikkje svar på våre spørsmål, men mellom anna skriv avdelingsdirektør Ruth Helene Myklebust følgjande 20.09.2022:

*I arbeidet med reguleringsplan for E39 Liadal er dei største utfordringene knyttet til ustabile masser, trafiksikkerhet, sikker anleggsgjennomføring, kulturminner, støy og kostnader.*

**Ikkje eit ord** om at det var problematisk å fjerne husa i 1/3 av grenda og å ta bustadane frå eldre mellom 70-80 år. Dei fleste kan ikkje byggje nye hus på resten av eigedomane sine. Vi kan ikkje sjå at dette gjev eit inntrykk av "**på veg for eit betre samfunn**" som er SVV sin visjon.

#### **Gamle avtalar:**

Gamle avtaler inngått med grunneigarane då noverande veg vart bygd i 50-åra har vi ikkje fått tilsendt. Det er viktig å sjå kva bindande avtalar som var inngått med grunneigarane då og som SVV ikkje utan vidare kan trekkje seg frå. SVV hevdar at grunneigar har fått tilsendt etterspurte avtalar og eldre saksdokument i den grad ein har klart å framskaffe desse. **Vi har ikkje motteke eit einaste dokument.**

#### **Fordelar og ulemper:**

**Fordelane med denne vegløyninga til SVV veg på ingen måte opp for dei omfattande og store ulempene grunneigarane vert påført. Dette er eit rettsprinsipp som kan føre til at SVV ikkje får erverva grunn på nedsida av vegen. Dette fordi der er mindre inngripande alternativ som kan nyttast.**

**Grunneigarane misser husa sine.** 11 større bygningar må rivast. Dei fleste kan ikkje bygge nye hus på det som vert att av eigedomane på nedsida av vegen. Dei fleste grunneigarane er mellom 70-80 år gamle og dei meiner at denne planen er eit stort maktovergrep frå Statens vegvesen si side.

**Dyrka mark** på gnr./bnr. 6/1, 6/54 og 6/5 vert og i stor grad berørt av store fyllingar og ny tursti/gardsveg nedanfor dei. Allemannsretten gjeld ikkje her på innmarka på gardane utan etter avtale med grunneigarane.

**Gardane vert såleis forringa** og misser mykje av grunnlaget for noverande og framtidig drift.

#### **Fart-80km/t:**

**Vi vil protestere mot planen om å endre fartsgrensa til 80km/t.**

**Vegen vert meir trafikkfarlig** pga 80 km/t utan skilting og merking av fotgjengarovergangar. Det vil og føre til auka støy og vil bli meir trafikkfarleg. G/s-vegen vert utsatt for sprut, støy og lufttrykk frå bilane og utsikta vert forringa, noko vårt forslag unngår.

Vert det 60km/t kan ein lage fotgjengarovergangar med skilting og merking. Fleire avkjørsler kan og behaldast og støyen vert mindre.

#### **Støy:**

Utviding av E39 vestover vil auke støyen både oppover mot Sandvikbakkane og nedover mot sjøen. Dette vert ytterligere forsterka ved å auke fartsgrensa frå 60km/t til 80km/t. Fleire hus på oppsida av vegen kjem i støysone som kan gi grunnlag for innløyning.

**Busstopp:**

Det er ikkje ønskje om at noverande busstopp i Sandvika vert fjerna.

**SEFRAK:**

Gardsbruk på nedsida av E39 vert feilaktig ført opp som feriebusstader både i tekst og til bilde før og no. Det er vel enklare å rive ein feriebusstad enn eit heilt gardstun med våningshus, løe og bud. Dette er rekketun som har vore drive av den same familien sidan 1777. Fleire hus er registrert som verneverdige i SEFRAK.

**Arkeologiske funn:**

Planen tar heller ikkje omsyn til **arkeologiske funn** som er automatisk freda. Desse vert no dekt av fyllingar.

Gamlevegen, som truleg kan daterast attende til Middelalderen, i følgje arkeolog, vert dekt av fyllingar.

Fleire av **husa er verneverdige** og har kome på SEFRAK-liste. Truleg kan noko av bygningsmassen daterast attende til **før 1850** med påbygg og endringar etter det. Desse vert rivne.

Vi voner at Møre og Romsdal Fylkeskommune går mot planen på grunn av dette og får SVV til å revurdere sine planløyisingar.

**Tilførselsstiar:**

SVV meiner at der er etablerte stiar frå Sandvikbakkane til g/s-veg ved hovudvegen som alle kan bruke.

Privat tilførselssti frå huset til Per Asle Sætre i Sandvikbakkane er den einaste som no kan brukast. Grunneigar er ikkje spurt og har ikkje gitt gangrett til nokon.

Bebuarane i Sandvikbakkane må såleis gå heilt ned til Halsekrysset for å nå g/s-vegen i planen til SVV.

**6.3.2 Høgspenliner** og andre ledningar/installasjonar Høgspenlina gjennom området langs sjøen må leggest i mur eller vegggrunn etter tidlegare planer og avtaler med Tussa/Mørenett..

**Konseptvalgutredning, KVVU:**

**Konseptvalgutredning (KVVU) for Ferjefri E39 er utarbeidd, og det er stadfesta at framtidig E39 skal gå via Hareidlandet (Eiksundsambandet og Hafast),**

Når E39 i nær framtid vert flytta til ny trasé utan om Liadal vert dette ein lokal veg eller fylkesveg som Statens vegvesen ikkje vil ha ansvar for og som heller ikkje treng europavegstandard.

**Ørsta kommune:**

At Ørsta kommune og formannskap lar seg overtyde om denne planen av SVV, ikkje kvalitetssikrar, og stemmer for å leggje den ut på høyring utan diskusjon, har forundra og forskrekka mange. Ingen av grunneigarane var invitert for å legge fram sitt syn på formannskapsmøtet og det vart heller ikkje gjennomført synfaring.

Om saka uttaler Gunnar Wangen, Plan og Miljøavdelinga, Ørsta kommune, på telefon



24.11.2022:

**” Det er veldig få om nokon saker på veldig, veldig lang tid, som har såne konsekvensar for eigedomar som denne.”**

**Vi vil protestere mot denne planen på det sterkaste og voner at andre og vil gjere det same.**

**SVV har gjort grunnleggjande feil i bruken av geolograpportane R1 og R2 i planomtalen og i vurdering av våre alternativ. Planen må trekkast attende og dette må korrigerast før planen eventuelt kan sendast ut på nytt.**

**SVV har andre alternativ som ikkje er ferdig utreda. Dei kan spare husa om dei ønskjer det. Grunn er alt erverva på austsida av E39.**

**Med helsing frå grunneigarar i Liadal**

Anne Grete Juliebø

anne.grete.juliebo@gmail.com

Dagfinn Juliebø

Sissel Halbritter

sissel@gmx.ch

Ragnhild Sandvik Innvik

ragnhild.innvik@yahoo.no

Kjetil Innvik

kjetilinnvik@gmail.com

Tor og Erling Taftesund for Turid Taftesund

tor.taftesund@ hotmail.no

Erling Taftesund

erltaft@yahoo.no

Dagrun Sætre

Per Asle Sætre

pimpas@tussa.com

Oddvar Taftesund

[oddvar.taftesund1@gmail.com](mailto:oddvar.taftesund1@gmail.com)

Håvard Bjørndal

hovard@solvtrans.no

**Fra:** "Kjetil Innvik" <kjetilinnvik@gmail.com>  
**Sendt:** tirsdag 17. januar 2023 12:22:03  
**Til:** "Firmapost" <Firmapost@vegvesen.no>; "postmottak@orsta.kommune.no" <postmottak@orsta.kommune.no>  
**Kopi:** "Ragnhild Innvik" <ragnhild.innvik@yahoo.no>; "Erling Taftesund" <erltaft@yahoo.no>; "Tor Taftesund" <tor.taftesund@hotmail.no>; "Oddvar Taftesund" <oddvar.taftesund1@gmail.com>; "Per Asle Sætre" <pimpas@tussa.com>; "Håvard Bjørndal" <hovard@solvtrans.no>; "Anne Grete Juliebø" <anne.grete.juliebo@gmail.com>; "Sissel Halbritter" <sissel@gmx.ch>  
**Emne:** E39 Liadal Høyringsnotat  
**Vedlegg:** 2023 2 Merknader frå grunneigarar i Liadal.pdf

Viser til vedlagt høyringsnotat frå grunneigarar i Liadal som i dag vert sendt til Statens vegvesen og Ørsta kommune. Vi har no påvist ytterligere alvorlige feil i planomtalen for reguleringsplanen E39 Liadal som etter vårt syn må føre til at planen vert trekt attende. Dette synes det ikkje som om kvalitetssikring har fanga opp, hverken hos SVV eller Ørsta kommune. I verste fall er dei klar over fadese, men har likevel sendt planen ut på offentlig høyring og ettersyn.

Dei alvorlige feila som no er påvist omfattar bruken av profilangivelser og konklusjonar i geotekniske rapportar 40109-GEOT-R1 og R2 i Planomtalen og Plankart i dagens reguleringsplan. Her er det ikkje samsvar mellom profiltal i R1 og R2 og planen på grunn av at planstrekningane er forskjellige med vel 120m. Såleis vert profiltal og konklusjonar i R1 og R2 ført over til profiler i planen der dei ikkje høyrer heime med ein forskjell på 120m. Dette er grunnleggjende feil som har gitt våre alternativ for utviding av E39 og g/s-veg uriktig og negativ vurdering og omtale.

Med vennlig helsing frå grunneigarane i Liadal  
Kjetil Innvik

**Fra:** "Roger Vartdal" <roger.vartdal@tussa.com>  
**Sendt:** tirsdag 17. januar 2023 12:29:15  
**Til:** "Firmapost" <Firmapost@vegvesen.no>  
**Emne:** FW: E39 Liadal

---

**Fra:** Roger Vartdal <roger.vartdal@tussa.com>  
**Dato:** tirsdag 17. januar 2023 kl. 12:22  
**Til:** <firmapost@vegvesen.no>  
**Emne:** E39 Liadal

Eg deltok på infomøte om utviding av E39 på Liadal og såg at dette blir ei svært god løysing. Eg har vore yrkessjåfør i 50 år og køyrer denne strekninga fleire gonger for dag og ser virkelig fram til å få sleppe denne flaskehalsen der det har vore fleire alvorlege ulykker og mange nesten ulykker. Veit at eg har med meg alle yrkessjåførar som køyrer denne strekninga om det.

Mvh Roger Vartdal

**Statens vegvesen**

firmapost@vegvesen.no

**Liadal 22.01.2023**

**Sak 20/23625**

**Merknader og klage angående reguleringsplanframlegget for E39 Liadal**

**Fra Håvard Bjørndal & Anne-Mette Sætre**

**Sandvikbakkane 7**

Gardsnummer/bruksnummer 6/50 i Ørsta

Vi vil først starte med å klage på prosessen i prosjektet. Grunneiere har forsøkt å nå fram med et reelt alternativ for bygging av universell gangveg i terreng overfor ny mur etter utviding av nåværende E39 ca. 2 m østover. Alternativet er forvrengt og nærmest ugjenkjennelig i STVV sin planbeskrivelse.

Som kjent er det svært plasskrevende å bygge i plan i et sidebratt terreng.

Geoteknisk rapport 40109-GEOT-R2 beskriver at det er teknisk mulig med tiltak og å utvide vegen 8 m mot øst. Forslag om kun 2m utvidelse østover med g/-vei ovenfor skulle gjøre dette betydelig enklere.

Måten grunneiere sitt forslaget har blitt svart på, samt manglende grunnprøver i området øst for murene, gir et bilde på at STVV har konkludert og ikke på noen måte ønsker å se på andre løsninger enn å bygge g/s-vei og bilvei i plan (side om side) med nåværende E39.

I området syd i anleggsområde er det meget god stabilitet. Den 7 m høge muren er bygget uten armering og står fortsatt fint den dag i dag ca. 70 år etter oppføring.

**Manglende smidighet fra STVV**

I nordre del av anleggsområdet kunne en lett ha flyttet tørr-oppstilte murer lenger øst og forhindret sanering av to bolighus.

I Sandvika er det ikke plassproblem mot vest så dagens klyngetun kunnet blitt flyttet i sin helhet lenger mot sjøen og grunneiere kunne fått beholdt verneverdig bygningsmasse.

Planen har blitt utredet med et smalt syn som kun har til hensikt å underbygge STVV sitt synspunkt og har ikke kommet grunneiere i møte.

**Dette føles som et overgrep og det er ikke greit.**

### **Fartsgrense:**

Ingen ønsker 80km/t uten gangfelt. Vi i Sandvikbakkane bruker strandsonen aktivt og ønsker et tryggest mulig trafikkbilde. Krav om 60 km/t står ved lag.

### **Støy:**

Vi som bor på Sandvikbakkane 7 vil få over 6 db forhøyet støy på vårt hus og dette vil være en vesentlig forringing av vårt hus og eiendom.

Ved 60 km/t vil støy være vesentlig lavere.

Dersom fartsgrensen på 80 km/t blir opprettholdt og det ikke blir enighet om erstatning, må innløsning av **6/50** også vurderes.

Vi ønsker uansett et oppsett med støyreducerende tiltak og faktiske støymålinger.

### **Trafikksikkerheit**

Det er uklokt å øke fartsgrensen til 80km/t i dette området

### **Naust**

Som eier av ½ delen av naustet til svigerfar Per-Asle Sætre så vil jeg legge frem ønske om tilførselsveg fra Grøvik verk og at tilførselsvei til naust fra sør i planutkastet slettes.

Grunnen til dette er at vi har verksted som heng sammen med naustet som vi ønsker å bevare.

En vil med dette ha mulighet å løyse bygningene fra hverandre og vi får beholdt så mye bygningsmasse som overhodet mulig.

### **Høgspent line**

Høgspent line vest i planområdet må legges som jordkabel i veg/ gangveg. Det er allerede lagt trekkerør til dette fra Grøvik verk til Sætre møbler ( fabrikk)

Dette for å kunne øke rest verdi for alle berørte eiendommer samt gi et bedre visuelt inntrykk av friområde i Sandvika.

### **Privat avløpsanlegg**

Det ligg et felles avløpsanlegg for alle husa i Sandvikbakkane byggefelt som krysser E 39 med slamavskiller på fabrikk-tomta til Per Asle Sætre på ca kote 5moh.

Det må sikrest slik at dette anlegget blir fullt ut funksjonelt for fremtiden.

Det ligg også drenering og takvatn fra de nyere husene på Sandvikbakkane i denne traseen.

Med vennlig helsing

Håvard Bjørndal & Anne Mette Sætre.

## Statens vegvesen

firmapost@vegvesen.no

24.01.2023

Sak 20/23625

### Detaljregulering E39 Liadal

#### **Merknad til behandling av forslag 5.2.3 Gang- og sykkelveg langs E39 austside/på avsats mur, samt påpeiking av feil eller manglande samsvar i dokumenta.**

Alternativ 5.2.3 Gang- og sykkelveg langs E39 austside/på avsats mur ser ut til å vere vurdert på feil grunnlag, og kommunikasjonen av grunngevinga for å avvise forslaget byggjer på feil profilreferansar til geotekniske rapportar. Forslaget må etter mitt syn behandlast på nytt.

Det er **ikkje samsvar** mellom profilnummera i plankartet på side 64 og 65 og figur 5-8 i **Planomtale** og profilnummera i **Geoteknisk rapport 40109-GEOT-R1** og **Geoteknisk vurdering støttevegg 40109-GEOT-R2**. (R2 har ikkje eige kart med profilnummer, men viser til kartet i R1). Dette fører til at referansar i planrapporten til profiler i geotekniske rapportar ikkje stemmer med plankartet. Denne feilen eller manglande samsvaret er ikkje opplyst om i reguleringsplanen. Det blei under og i etterkant av møtet på Ørsta Rådus 10. januar tydeleg at Vegvesenet si prosjektleiing enten ikkje har vore klar over dette eller sjølv lar seg villeie av det.

Vurderinga av og argumentasjonen mot alternativ **5.2.3 Gang- og sykkelveg langs E39 austside/på avsats mur** ser ut til å oversjå det manglande samsvaret i plandokument, og blir framlagt med henvisningar til konklusjonar og illustrasjonar i Geoteknisk rapport 40109-GEOT-R1 og 40109-GEOT-R2 som har feil profilreferansar og/eller ikkje er relevante for dette alternativet. Ørsta Kommune sine fagfolk verkar heller ikkje å ha vore klar over dette, og kan dermed ikkje ha gjort ei grundig lesing av rapporten.

På folkemøtet i Ørsta Rådhus 10. januar blei det etter spørsmål frå salen om dette alternativet vist til dei store utfordringane med det bratte terrenget bak høgaste delen av eksisterande mur, og lagt fram **illustrasjon av Profil 550 frå 40109-GEOT-R2 Tegningsnummer V103**. Eg fekk ikkje profilen til å til å stemme med terrenget, som eg kjenner godt, og stilte spørsmål ved dette. Ingen kunne svare tilfredsstillande på det, men møtet gjekk vidare. Etter møtet ba eg om å bli vist kvar denne illustrasjonen høyrer heime i kartet. Prosjektlear viste meg då **profil 550 i plankartet som er brukt i Planomtale side 64 figur 6-11**, omtrent i bytet mellom eigedom 6/9 og 6/50 der terrenget er på det brattaste, og meinte at huset i illustrasjonen sannsynlegvis er vårt hus på eigedom 6/9. Neste dag gjekk eg gjennom dokumenta på nytt, og fann ut at dette er ei misforståing som byggjer på feil/manglande samsvar i dokumenta. **Profil 550 i Geoteknisk rapport** tilsvarer i realiteten omtrent **profil 670 i reguleringsplankartet** og er ikkje relevant i forhold til skjeringa ved dette alternativet. **På profil 550 i Geoteknisk rapport** er terrenget slakkare og lavare, og **5.2.3 Gang- og sykkelveg langs E39 austside/på avsats mur** kjem ikkje til å ligge i skjæring av betydning her. Meir sannsynlig på fylling/mur.

**Vegvesenet viser altså med feile lokaliseringsreferanser til illustrasjon og konklusjonar i ein geoteknisk rapport som er laga for eit alternativ av heilt andre dimensjonar.**

Same manglande samsvar fører også til at alle referanser i Planomtale til profilar i Geoteknisk rapport blir feil om ein nyttar kartet i planomtalen. Dette er det ikkje opplyst om.

**Fylgjande er ein gjennomgang av Vegvesenets etter mitt syn mangelfulle vurdering av og feilaktige og misvisande kommunikasjon om alternativ 5.2.3 Gang- og sykkelveg langs E39 austside/på avsats mur.** Alle profilreferansar frå meg er ifølge Geoteknisk rapport 40109-GEOT-R1 om ikkje anna er opplyst. Sitat frå planrapport og Geotekniske rapportar i kursiv:

**Planrapporten si vurdering:**

- *Løysinga er sterkt fråråda grunna ustabile grunnforhold, og då særskilt frå profil 290-680, den opprinnelege «Liadalsmuren», sjå kap. 5.9. Alternativet inneber store inngrep i terreng mot aust i eit område med allereie anstrengt stabilitet, samt busetnad på toppen av skråninga sør for ca. profil 680. Brot eller utskliding av terreng kan gje fatale konsekvensar for både aust- og vestsida av E39.*

**Kommentar:**

Dette er feil eller i beste fall unøyaktig/misvisande. Det Vegvesenet kallar Liadalsmuren går frå ca 430 til 650 i plankartet, 290 til 550 i **Geoteknisk rapport 40109-GEOT-R1**. I begge endar er den forholdsvis lav, og ein opphøgd gang og sykkelveg vil ikkje gå i skjering av betydning der. Ifølge **Geoteknisk rapport 40109-GEOT-R1 punkt 4.3.1, side 8**, er det registrert funn av leire på profil 290 og 450 på 10 og 15 meters djup. Desse punkta ligg ikkje i det brattaste området, og ei skjering til gang og sykkelveg i skråninga vil bli liten eller fråverande for desse profilane. Det brattaste og mest utfordrande området finn ein på strekninga mellom desse punkta, rundt profil 400, og her seier **Geoteknisk vurdering støttevegg 40109-GEOT-R2** fylgjande på side 5:

**2.1 Omkring profil 400**

*«På dette partiet viser grunnboringene stort sett faste eller meget faste løsmasser fra få meters dybde og nedover.»*

*«Basert på totalsonderingsprofilene vurderes massene å være grusige, steinige, sandige friksjonsmasser med fast lagring.»*

*«For skissert skjæring (full utviding av veibane i eitt plan mot aust, mi anmerkning) antas leirlaget omkring profil 400 å ligge så dypt at det ikke styrer valg av avstivingsmetode. Også for den mer globale stabilitetsvurderingen på partiet er det her foreløpig sett bort fra leirlaget. Laget er uansett sterkt overkonsolidert og har kanskje like god skjærfasthet som massene over»*

Det er her viktig å merke seg at vurderingane i geoteknisk rapport her er gjort med høgde for fullskala utviding på eitt plan austover, med opp mot sju gongar så stort masseuttak i volum i forhold til alternativet opphøgd gang og sykkelveg.

**Vidare grunngeving i planrapporten med mine kommentarar:**



- *Eksisterande murar kan ikkje nyttast då desse ikkje er dimensjonerte for å tole lasta av køyretøy/brøytebil m.v. Løysinga vil krevje nye murar med rett dimensjonering som gang-/og sykkelvegen ligg på, og i tillegg murar mot terreng/bustadeigedomar i bakkant.*

Min kommentar: Fyrste del av dette er ikkje relevant som argumentasjon mot dette alternativet spesielt. Ingen av alternativa er tenkt gjennomført utan forsterking av eksisterande mur. Det må byggjast nye murar mot terreng og bustadeigedomar på ein del av strekket, men desse har også ei positiv side i form av støydemping.

- *Gang- og sykkelveg på eit høgare nivå vil bli ei barriere aust-vest. Tilkomst på tvers av vegen frå aust til vest vil vere problematisk.*

Min kommentar: Det er uansett berre planlagt ei kryssing for gåande på strekninga med bebyggelse på oppsida. Om den er lokalisert ved den gamle fabrikk, ca ved profil 550 i **Geoteknisk rapport 40109-GEOT-R1**, profil 670 i Planomtale så er terrenget slakkare her og det bør vere plass til å lage ein rampe/trapp for kryssing.

- *Det vil vere vanskeleg å anlegge g/s-vegen på ei jamn høgde, sidan ujamn overhøgde på eksisterande murar inneber problem med stigningstilhøve/ universell utforming av gangvegens lengdeprofil.*

Min kommentar: Det skal uansett byggast nye eller forsterka murar og utjamning bør vere eit overkomeleg problem. Den totale stigninga sørover blir ikkje vesentleg større, den kjem berre litt lenger nord enn for bilvegen sin del. Dette vil bli enno betre om gang og sykkelvegen møter planet til bilvegen i sør utan å gå innom Halsevegen slik som foreslått i planen.

- *Utfordrande løysing både i høve til anleggsteknikk, HMS, praktisk gjennomføring, uføresette hendingar og økonomi.*

Min kommentar: **Dette støttar seg til Geoteknisk rapport 40109-GEOT-R1 som er laga med tanke på eit heilt anna alternativ**, nemleg full utviding av veg pluss gang og sykkelveg i eitt plan i skjering mot aust. Det blir ikkje vist til nokon rapport om anleggsteknikk, HMS, praktisk gjennomføring og risiko for uforutsette utfordringar for Gang- og sykkelveg langs E39 austside/på avsats mur. At det blir for utfordrande med full utviding mot aust er noko vi har innsett og eit alternativ ingen jobbar for no, så det gir lite meining å kun ha ein geoteknisk rapport som tek for seg det som alternativ. Det fører til at Gang- og sykkelveg langs E39 austside/på avsats mur, som bør vere mykje meir realistisk med masseuttak på ein liten brøkdell i forhold, blir ståande utan grundig vurdering, og lett vint avfeia på manglande eller feil grunnlag. Det burde i det minste ha vore laga ein tilsvarande geoteknisk rapport for dette alternativet på grunnlag av undersøkingane som allereie er gjort. Dette handlar om fellesskapet sin økonomi, men utan relevante og presise geotekniske vurderingar for dette alternativet blir kostnadane og mulige konsekvensar berre gjetting. For oss handlar dette også om livskvalitet og vern av miljøet vi lever i.

- *Grunna m.a. behov for vesentleg utvida vegbane på deler av strekninga (frå 5,1m på det smalaste til standardbreidde 7,5m), tilkomst i anleggsperiode og trafikkavvikling på E39, må uansett bygningar langs vegens vestsida innløysast.*

Min kommentar: Det har eg ikkje kunnskap til å vurdere, men eg registrerer at det er usemje om dette. Det er vel ein god del plass på markane mellom bygningane og det er sikkert moglegheiter for å leige parkering for maskiner og anna på områda til Liadal Lager f. eks. Det er etter det eg forstår også lagt fram eit forslag som ikkje er tatt med i denne rapporten. Det byggjer på ei mellomløysing med grunnare utviding av skjering mot aust på 1-2 meter som kombinert med gang og sykkelvei i skråninga kan spare bebyggelsen.

- *Fordel med alternativet er at minimum delområder av automatisk freda kulturminner vest for E39 kan bevarast. Alternativet er likevel ikkje å sjå på som eit reelt forslag med omsyn til måloppnåing kap. 1.2.*

Dette er langt frå alle fordelane, og heller ikkje den viktigaste for oss som bur her. Den største gevinsten for oss som har hus på austsida vil vere vesentleg mindre trafikkstøy fordi ein større del av vegbanen vil hamne bak terrenget, i staden for nesten i si heilheit i luftlinje som er tilfellet med Veivesenet si løysing. Dei gåande og syklande vil bli løfta opp over trafikken i staden for å bli inneklemt mellom trafikk og mur. Gang og sykkelveg vil ligge nærare boligområdet som kjem til å bruke den mest. Murar og fyllingar ned mot strandsona vil bli vesentleg lavare og mindre inngripande. Med ei mellomløysing kan ein kanskje også spare bebyggelsen og kulturlandskapet.

- *Alternativet er forkasta/ikkje tilrådd.*

Det er etter mitt syn ei avgjerd som er dårlig begrunna på feil/ikkje relevant grunnlag, og utan ein geoteknisk rapport som tek for seg konsekvensar og utfordringar med dette alternativet. Vidare er dette framlagt med misvisande illustrasjonar og henvisningar til kartverk.

Det er etter det eg kan sjå berre to moglege lesingar av det som vart framlagt om dette alternativet av Vegvesenet og Ørsta Kommune sine folk i presentasjonen på folkemøtet og i formannskapet:

1. Verken Vegvesenet si prosjektleiing eller Ørsta Kommune har vore klar over det manglande samsvaret i kartgrunnlaget til rapporten. Vurdering av alternativ 5.2.3 er i så fall gjort på feil grunnlag, og informasjon om avvisinga er dermed ubevisst villeiande.
2. Vegvesenet kjem med mangelfull og villeiande informasjon om prosjektet overfor involverte partar og offentlegheita.

I begge tilfelle må det etter mitt syn lagast ei ny vurdering av alternativ 5.2.3 som ikkje bygger på feil profilreferansar, med grunnlag i geotekniske vurderingar av risiko, konsekvensar og økonomi som er relevante for dette alternativet, og ikkje støttar seg på faglege vurderingar for eit heilt anna alternativ.

Helsing,  
Yngve Leidulv Sætre  
medeigar i Halsevegen 37 GNR/BNR 6/9

## **Statens vegvesen**

firmapost@vegvesen.no

**24.01.2023**

**Sak 20/23625**

### **Detaljregulering E39 Liadal**

#### **Merknad vedrørende gangrett**

Gnr/bnr 6/9 har naust på Likkjenset med gangrett på det som etter gammalt heitte «Sjøvegen» langs bytet mellom 6/5 i nord og 6/14 og 6/3 i sør. Omtrent ved profil 200 i kartet i planomtalen. Ved forrige vegoppgradering blei tilkomsten vår frå E39 sperra av autovern, men vi har fått beskjed om at vi kan bruke landbruksavkøyrsla til 6/5. På austsida brukar vi ein snarveg/sti eit stykke nord for krysset til Halsevegen. Denne ruta blir også brukt av mange turgåarar, både av folk frå bygda som går tur Halsevegen-Nipevegen, og av folk med hytter i Nipevegen som skal på tur i Halsevegen eller på fjellet.

Eg ser i reguleringsplanen at landbruksavkøyrsla er tenkt vidareført, men at tilkomsten over vegen frå aust ser ut til å vere sperra med rekkverk så vi må gå i vegbane frå busstopp og bort til landbruksavkøyrsla enten før eller etter kryssing av vegen.

Vi må få vidareført ei god løysing på vår gangrett her, det gjeld vel også dei to andre brukarane 6/8 og 6/23 med naust på Likkjeneset.

Om det blir eit etablert friområde ved sjøen så vil dette også vere den mest naturlige tilkomsten dit frå Sandvikbakkane og frå det planlagte byggefeltet i Halsevegen, samt også folk som kjem med bussen.

Forslag til løysing: Sti frå busstopp på vestsida til bytet og «Sjøvegen», eller flytting av landbruksavkøyrsla så den kjem i forlenginga av nordlige ende av busstoppet på vestsida av vegen

Helsing,  
Yngve Leidulv Sætre  
medeigar i Halsevegen 37 GNR/BNR 6/9

